

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **5. september 2019** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiar av leiar Vanja Ignjatic.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 12.00 – 13.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Vanja Ignjatic (H), Otto Underbakke (H) og Tormod Skeie (SV)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	2. vara Silje Helen Færøy (Uavh.)
FORFALL:	Eldbjørg Sivertsen (Uavh.), Berit Myrland (SV) og 1. vara – kort varsel
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Elin Fagerheim Bjerke - Rogaland Revisjon IKS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Leiar bygdeutvikling Endre Gjil, t.o.m. sak 18
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 16/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 06.06.19

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 06.06.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 05.09.19:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.09.19:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 06.06.19 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 17/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 05.09.19

26. Statusoversyn pr. september 2019
27. Perioderapportering pr. 31.07.19 frå Rogaland Revisjon IKS
28. Protokoll frå generalforsamling i Haugaland Kraft AS 11.06.19
29. Representantskapsprotokoll av 28.06.19 - Haugaland brann og redning IKS
30. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontroll og tilsyn 04.06.19
31. Val av kontrollutval for perioden 2019-2023 – brev frå FKT 01.07.19

Handsaming i kontrollutvalet 05.09.19:

Leiar orienterte. Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.09.19:

Referatsakene 26 - 31 blir tatt til orientering.

SAK 18/19 REVISJONSRAPPORT - «KLIMA OG ENERGIPLAN»

Sekretariatet si innstilling:

1. Suldal kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Klima og energiplan» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine seks tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 05.09.19:

Forvaltningsrevisor Bjerke gjorde greie for rapporten og viste ein presentasjon på skjerm. Ho gjorde mellom anna greie for føremål og problemstillingar. I faktadelen viste ho mellom anna til at statistikk syner at det hadde vore ein reduksjon i klimagassutslepp på 15,6 % i perioden 2009-2017. Dette skyldast mellom anna reduksjon i utslepp frå vegtrafikk.

Ho gjorde greie for revisjonen sine funn og tilrådingar til kommunen. Revisor svarte på spørsmål undervegs.

Utvalet var nøgd med rapporten og slutta seg til innstillinga. Medlemmene ønskte at dei seks tilrådingane frå revisor blei lista opp i vedtaket.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.09.19 og innstilling til kommunestyret:

1. *Suldal kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Klima og energiplan» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av følgjande seks tilrådingar:*

- a) Revidere klima- og energiplanen kvart fjerde år.
 - b) Vurdere å utarbeide meir ambisiøse mål for utsleppsreduksjon i tråd med målsettinga til Noreg.
 - c) Ha hovudfokus på tiltak for å redusere dei største utsleppskjelda; vegtrafikk, jordbruk og sjøfart.
 - d) Vurdere om klima- og energiplanen bør inngå som ein integrert del av kommuneplanen.
 - e) Utarbeide ein handlingsplan som ikkje er for omfattande, og auka fokuset på å følge opp tiltaka i klima- og energiplanen.
 - f) Rapportere jamleg på mål for klimagassutslepp og energi.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

SAK 19/19 KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2020

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Suldal kommune for 2020 vert på i alt **kr 1 293 000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	255 000
Kjøp av sekretærtenester (teneste 1100 art 13750)	kr	183 000
Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)	kr	855 000
Totalt	kr	1 293 000

Handsaming i kontrollutvalet 05.09.19:

Utvalssekretær orienterte om framlegget. Medlemmene peika på at det var nytt utval neste år og difor ekstra behov for midlar til opplæring. Utvalet vedtok å auke budsjettet for «kurs og opplæring» med kr 25 000.

Utvalet slutta seg til framlegget med ei auke til «kurs og opplæring».

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.09.19:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Suldal kommune for 2020 vert på i alt **kr 1 318 000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	280 000
Kjøp av sekretærtenester (teneste 1100 art 13750)	kr	183 000
Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)	kr	855 000
Totalt	kr	1 318 000

SAK 20/19 EVALUERING AV KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I INNEVERANDE PERIODE – 2. GONG HANDSAMING

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval ber sekretariatet om samanfatte dei innspel som har kome fram i møta og leggje samandraget fram for det nye kontrollutvalet.

Handsaming i kontrollutvalet 05.09.19:

Medlemmene drøfta innspel etter førre møte og skjema som var innsendt frå to av medlemmene. Tormod Skeie meinte det var særst viktig at også ordførar, rådmann, revisor og sekretariat gjennomfører evalueringa.

Sekretær samanfattar innspela og nyttar det i opplæringa av det nye utvalet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.09.19:

Suldal kontrollutval ber sekretariatet om samanfatte dei innspel som har kome fram i møta og leggje samandraget fram for det nye kontrollutvalet.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Leiar takka medlemmene, revisor og utvalssekretær for eit godt samarbeid i perioden.

Neste møte: torsdag 21.11.19, kl. 10.00 (nytt utval)

Sand/Aksdal, 05.09.19

Vanja Ignjatic
Leiar

Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær